


Årsmøte Olden Idrettslag 14. mars 2024 kl. 19:00

**Saksliste.**

1. **Opning av årsmøtet**
   1.1 Godkjenning av innkalling
   1.2 Godkjenning av saksliste
   1.3 Val av møteleiar
   1.4 Val av referent
   1.5 Val av to personar til å skrive under møteprotokollen

2. **Årsmelding frå styret og i frå gruppene**
3. **Rekneskap**
4. **Fastsetjing av medlemskontigent**
   **Styret foreslår følgande kontigenter for 2024**
   -Barn under 16 år/student: kr 300
   - Vaksne: kr 400
   -Familie: kr 600
   -Støtte: kr 350
   -Overgangsmedlemskap: kr

**5. Innkomne saker**

1: Fastsetting av namn på idrettsanlegget. Styrets forslag: Olden idrettspark.

2: Styret ynskjer innspel på kva idrettslaget skal bruke Alda stadion til i tida framover.

**6: Val**

**7. Evt, ordet fritt**

**Styret**

**Oversikt over styremedlemmar i Olden Idrettslag 2023**

| Gruppe/Namn | Innv. År | Funksjon | tlf/ e-post |
|---|---|---|---|
| **Hovudstyret** | | | |
| Randi Brynestad Gjengedal | 2016 | Leiar | 90024809/ rgjengedal@gmail.com |
| Birte K. Høgalmen Holko | 2021 | Nestleiar | 99262157 holko_jenta04@hotmail.com |
| Tove Kristin Vedlog | 2013 | Kasserer | 99475532 tove.vedlog@accountor.no |
| Sondre Guddal Muri | 2021 | | 95473070 Sondre-_gm@hotmail.com |
| Asgeir Flåten | 2022 | | 95039517 asgeir111@live.no |
| Kåre B. Alme | 2022 | | 94277853 kaare.alme93@gmail.com |
| **Idrettsskulen foreldre gruppe** | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| **Fotballgruppa** | | | |
| Sondre G. Muri | 2014 | Leiar | 95473070 Sondre_gm@hotmail.com |
| Ragnvald Flåten | 2011 | | 90861350 |
| Helene Jørgensen | 2019 | | 91991063 |
| **Friidrettsgruppa** | | | |
| Sondre G. Muri | 2015 | Leiar | 95473070 Sondre_gm@hotmail.com |
| Gry Ingvild Agjeld | 2019 | | 90502184 |
| Jostein Gjerde | 2016 | | 95787043 |
| Kjersti Haugland | 2019 | | 97597127 |
| **Skigruppa** | | | |
| Hans Petter Galtung | 1999 | Leiar | 90418186 hanspettergaltung@gmail.com |
| Rune Holen | 2019 | | 97595102 |
| Roar Alsaker | 2003 | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| **Banenemnd** | | | |
| Steinar Slettenes | 2022 | | 93046047 |
| Jostein Gjerde | 2022 | | 95787043 |
| **Oldestafettnemnd** | | | |
| Rasmus Bruvoll | 2018 | Leiar | 41468434 rbruvoll@gmail.com |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Arne Sandnes | 2008 | | 91351008 |
| | | | |
| Geir Flåten | 2017 | | 90705026 |
| Pål Skarstein | 2017 | | 41621190 |
| **Sykkelgruppa** | | | |
| Andre Oppheim | 2020? | | 91174193 |
| Andreas Drageset | 2020? | | 91176626 |
| Martin Fredheim Klaesson | 2020? | | 48187058 |
| | | | |
| **Skarsteinsetra opp** | | | |
| Odd Kjetil Tonning | 2015? | Leiar | |
| Andre Oppheim | 2015? | | 91174193 |
| Andreas Drageset | 2015? | | 91176626 |
| | | | |
| Hans Petter Galtung | 2021 | | 90418186 |
| Per Muri | 2021 | | 41407772 |
| **Idrettsmerkegruppa** | | | |
| Alvhild Flåten | 2017 | | 91372626 |
| Arne Muri | 2009 | | 90205226 |
| **Tabata** | | | |
| Janikke Sunde | 2022 | | 97663166 |
| **Fjelltrimmgruppa** | | | |
| Caroline Lindvik Gjerde | 2023 | | 95406479<br>carolinelindvikgjerde@live.no |
| Anders Bruvoll | 2003 | | 99524511 |
| Geir Brynestad | 2022 | | 94166694 |
| Elisabeth Skarstein | 2023 | | |
| **Premieansvarleg** | | | |
| Leiv Arne Egset | 2015 | | 97732331<br>leiv.arne.egset@enivest.net |
| **Valnemnd** | | | |
| Håvard Kvamme | 2021 | | 94323245<br>havardkvamme@gmail.com |
| Birte Holko | 2022 | | 99262157 |
| Ingeborg Malm Åbrekk | 2023 | | 95824755<br>ingeborg_malm@hotmail.com |
| **Husnemnd** | | | |
| Kjartan Urne | 2020 | Leiar | 90024794<br>kjartan.urne@outlook.com |
| Anita Skarstein | 2020 | | 91321922 |
| **Banenemnd (Friidrettsbana)** | | | |
| Einar Strand | 2021 | | 99505361 |
| Helge Hafsås | 2021 | | 48263681 |
| **Revisorar** | | | |
| Linda Alsaker | 2017 | | 91339419 |
| Roar Alsaker | 2017 | | |

## Årsmelding Olden IL

**Årsmelding i frå Styret**
Styret har i 2023 hatt denne samansetjinga: Randi Gjengedal (leiar) Birte Krogh Høgalmen Holko (nestleiar) Tove Kristin Vedlog (kasserar) Kåre B. Alme (sekretær) Asgeir Flåten, Sondre Guddal Muri og Mari Skarstein.

Møter og tilstellingar:
Styret vil først takke alle dei engasjerte frivillige vi har i laget og all støtta vi har i bygda. 2023 har vert eit stort år for Olden IL, vi har fått eit komplett idrettsanlegg på stadion, vi arrangerte også opningsfest av fotballbana. Vi har hatt 9 styremøter i 2023, dei viktigaste sakene vi har behandla er økonomi og søknadar til midlar, blant anna avtalen vi har fått med Nordfjord Hamn som sponsar Olden IL med kr 1 500 000,- over ein treårsperiode. Vi har også jobba med å få inn sponsorinntekter til fotballbana med gjennom reklameskilt, der har vi fått inn 13 sponsorar og hengt opp skilt på bana. Andre prosjekt vi har jobba med er drift av styrkerommet og ungdomsprosjekt med funksjonell trening med Matias Lilleheim. Vi har sendt friidrettsutøvarane på treningsleir i Portugal. Vi har også fått til ei sponsoravtale med Sport 1 med ei avtale om kleder til utøvarane våre.

Medlemstal
Vi hadde 198 medlemmar i 2023.

Aktivitetar
Vi har gjennomført våre faste aktivitetar, som kjem fram i årsmeldingane til gruppene. Styret har også sett i gong med bingo der vi har sikta oss inn på annakvar søndag etter jul fram til påske. Dette er ein sosial og triveleg aktivitet som gjev ei fin ekstrainntekt til idrettslaget. Vi har gjennomført basar og kakelotteri.

Økonomi
På konto: 158. 982,- med 1.052.822,- i lån.

Tankar framover
Styret ynskjer å fortsette å jobbe med sponsoravtaler og styrkje økonomien til idrettslaget. Vi vil bruke midlar til å gjere fjelltrimmen meir attraktiv for barnefamiliar. Vi ynskjer også å gjere nokre tiltak på klubbhuset med nøkkelkort til 2. etg, legge inn internett i klubbhuset og styrke brannsikringa i 2. etg. Elles har vi lyst å jobbe vidare med å få fleire utøverar til friidretten og behalde den gode aktiviteten vi har i gruppene våre no. Det blir også jobba vidare med bok og planlegging av jubileumsfest.

## Årsmelding idrettsskulen 2023-2024

Som i fjor har det vor vanskeleg å få leiar til idrettskulen, men det har vore eit tett samarbeid mellom Jannike Sunde, Terese Sunde, Mari Kvame og u.t for å få arrangert idrettskulen skuleåret 23/24. Andre gode medhjelparar har vore Pavlina Gembicky , Niklas K. Sæten og Erik Sandnes.

Oppstart var i november, og da var det i snitt 8 barn som deltok. Ved nyttår vart det hengt opp plakatar på skulen/SFO om oppstart på nyåret, kom da ca.15 nye barn ved oppstart i veke 2. Totalt har 23 barn vore med på idrettskulen, men eit par av dei har kun har vore innom 1 gong.
Idrettskulen har vore på tysdagane kl 17:30-18:30 (med nokre få unntak), og ein har vore både inne i gymsalen, på fotballbana, friidrettsbana, klubbhuset og i nærmiljøet. Idrettsskulen vil ha aktivitetar fram til påske.

Aktivitetar som er gjennomført:
- Friidrett
- Natursti
- Skøyte
- Skileik
- Balleik ute
- Yoga og styrke
- Innebandy

Planlagde aktivitetar resten av skuleåret -24:
- Klatring
- Balleik (handball/fotball)
- Orientering
- Dans

Kostand:
- Leige av Strynehallen og instruktør frå Stryn klatreklubb
- Innkjøp i forbindelse med juleavslutning i klubbhuset (kjøp av pølsebrød, pepperkake, mandarin)
- Instruktørkostnad dans v/Arne og Asbjørg Sølvberg + køyreutgifter
- Innkjøpt av godteri til påskeeggjakt

Mvh Anita Skarstein

## Skarsteinsetra Opp 2023

Det blei ein dag med perfekte forhold når vi kunne ønskje velkomne til den 13. utgåva av Skarsteinsetra Opp laurdag 9. september! Vår unike motbakkekonkurranse der løpar og syklistar startar i Olden sentrum og konkurrerer om å kome raskast opp til Skarsteinsetra. Løypa er 4,6 km og har ei stigning på 400 høgdemeter. Underlaget er asfalt i knappe 2 km, deretter grusveg og traktorveg.

Trimmarane utgjer ein viktig del av Skarsteinsetra Opp og dannar ei flott ramme for årets opptur. Det stilte i år 93 mosjonsistar i tillegg til 9 syklistar og 18 løparar. Ein god framgong frå 2022 som lovar godt for arrangementet framover, men vi må gjerne vente at det tek nokre år før vi er tilbake med tilsvarande deltakartal som før korona.






Første syklist opp i år beviste tydeleg at det igjen var rekordforhold på Skarsteinsida! For Trond Håkon Trondsen (VitalThings) knuste sin eigen rekord frå 2022 (17:55) og sykla opp på ny løyperekord på 17:39! Raskaste tida på løp blei levert av Olden IL sin eigen Lars-Martin Melheim. Med den sterke tida 22:18 var han suveren vinnar av løpsklassen og i år.






Det er og veldig kjekt å sjå nye sterke talent i løypene. Maria Klakegg (Jølster IL) leverte nok ei knallsterk tid med 28:01 og slo sin eigen løyperekord i J13-14. Med dette var ho raskaste kvinne opp til Skarsteinsetra og leverte tredje beste tid i løp uansett klasse!
Spurtprisane i Skarsteintunet gjekk og til Trond Håkon og Lars Martin. I tillegg tok Silje Guddal (Stryn T&I/PWC) spurtprisen i kvinneklassen.
Klassevinnar på heimebane blei og Kjersti Haugland D 40-49 (39:30), Martin Fredheim Klaesson H 40-49 (25:47) og Helge Hafsås H 50-59 (29:45).
Sterke prestasjonar! Vi håpar det gjev meirsmak og ønskjer velkomne tilbake. Spesielt vil vi ønske velkomne til fleire deltakarar i kvinneklassene framover. I 2023 var det 4 kvinner med, så her er god plass til endå fleire.
Andre plasseringar av deltakarar frå Olden IL var i Sykkel: klasse H 20-29 Emil Drageset nr 2 (31:27), H 40-49 Kjartan Urne nr 2 (27:32) og H 50-59 Andreas Sunde Drageset nr 2 (31:49). I løp: H 50-59 Joar Sunde nr 2 (31:45).
Hjarteleg takk til alle deltakarar, tilskodarar, funksjonærar, grunneigarar og sponsorar for å skape ei flott ramme rundt nok ei vellukka utgåve av Skarsteinsetra Opp! Eit arrangement som skapar godt engasjement i bygda og viktige inntekter til idrettslaget.
Andre laurdagen i september er fast dato for arrangementet. Vi vil difor ønskje alle velkomne tilbake til ein skikkeleg folkefest igjen laurdag 14. september 2024. Då vil vi igjen samle både trimmarar, løparar og syklistar til ein opptur etter god gammal oppskrift!

*Odd Kjetil Tonning, Skarsteinsetra Opp 2023/Sykkelgruppa*

**Årsmelding frå skigruppa-nordisk for 2023**
Gruppemedlemmer i 2023 : Rune Holen, Roar Alsaker og Hans-Petter Galtung (leiar). Aktiviteten i skigruppa har dette året vore avgrensa til oppkøyring av skiløyper. Som vanleg er i Olden, har vinteren 2023 også vore prega av ustabile snøtilhøve. Det vart køyrt løyper i februar og mars månad, først og fremst i skogsvegane på Muri og Avlei. Siste dag med løypekøyring var 27.mars. Nede i bygda var det kun brukbare tilhøve i byrjinga av februar.Den brukte snøscooteren som vart innkjøpt i 2022, har vist seg å fungere godt. Det er Rune Holen og Jostein Gjerde som har stått for løypekøyringa i år. For 2024 har vi fått kr. 6000,- i driftstilskot frå Stryn kommune. Summen er ein del mindre enn før, men dette er og tilfelle for dei andre idrettslaga i kommuna. Skigruppa Hans-Petter Galtung (leiar)

**Husstyret**
**Gjennomført 2023,...og planar framover**
Husstyret har bestått av Anita Skarstein og Kjartan Urne.
Husstyret skal utvikle og vedlikehalde klubbhuset slik at aktivitetsgruppene som nyttar huset kan drive aktiviteten på ein trygg og behageleg måte og samtidig ta godt vare på bygget.

Dette vart gjort i 2022:

- Skifta knust vindauge på styrkerom
- Montert sikring på vindauge i styrkerom
- Montert siste lister rundt porten og nokre dører
- Vaske- og maledugnad
- Skilta med logo på huset, mot friidrettsbana og mot skulen
- Sett inn større varmvasstank (Sondre)
- Avklaringar rundt brannsikkerheit
-

Planar, ønsker og idèar framover:

- Bygge skiljevegg mellom trapp og lager ved hovudinngang
- Utvendig rømningstrapp
-

**Tabata**
<u>Kort om Tabata:</u>
Tabata er ei treningsform som passar for alle som er kjend med sirkeltrening eller basisball, der vi trenar ein kombinasjon av kondisjon, bevegelighet og styrke. Økta er lagt opp til at vi trenar ulike muskelgrupper strategisk med 20 sekunder intensiv trening, og har 10 sekund pause, i 4 minutt. Vi har 10-11 slike rundar og til saman trenar vi i 50 minutt, og har uttøying til slutt. I treninga brukar vi hovedsakleg eigenvekt og basisballar på 4-8 kg.

Det har vore om lag 40 tabata økter i 2023.
Det er 14 personar som har kome på trening i løpet av 2023, og talet på personar på kvar trening har variert mellom 3-8 kvar økt.

Vi har trent søndagar frå klokka 20-21. Vi stort sett vore inne i gymsalen på Olden skule, men nokre søndagar før sommaren 2023 hadde vi trening ute på badestranda på Avlei. Då avslutta vi treninga med eit bad i fjorden for dei som ønska det.

Takk for eit flott 2023, vi held fram i 2024 med nytt tidspunkt for trening: søndagar frå kl 19.30-20.30!

Jannike Sunde

**Årsmelding bokgruppa**

Nemnda har arbeidd i fleire år med dette prosjektet, men det har dessverre drege ut i tid. Vi har samla veldig mykje stoff, også om idrett i Olden før skipinga i 1915. Det at protokollane for perioden 1915-1945 og 1983-1994 manglar, har sjølvsagt medført ein god del ekstra-arbeid. Desse er framleis ikkje komne til rette trass i fleire etterlysingar. Vi manglar og sentrale bilder i orginal. Det er og retta fleire forespørslar til einskildpersonar som vi foreløpig ikkje har fått svar frå. Vi har likevel rikeleg med stoff og bilder.

Det har dessverre vore mykje fram og tilbake i høve finansieringa av og avtalar med redaktør i prosjektet. Finansieringa er eigentleg på plass og vi reknar med at idrettslaget vil gå i overskot når boka er seld. Både i bygda og utanbygds er det mange som lurer på når boka vil vere klar. Vi har tru på, trass i noko usemje, at alt ordnar seg til det beste slik at vi kan ha boka klar i god tid før jul i år. Det fortenar Olden IL.

Hans-Petter Galtung (leiar av boknemnda)

**Rapport frå idrettsmerkegruppa - 2023**

Prøvane i spenst, hurtigheit og styrke for å ta krava til Idrettsmerket vart haldne i oktober og november. Annonsering vart gjort på Facebook i tillegg til at det vart ringt rundt og sendt melding til tidlegare merketakarar og andre som hadde meldt si interesse. Det var likevel få som prøvde seg. Til saman tre personar gjennomførte prøvar som stettar krava til *Idrettsmerket.*

Om du er over 16 år er du svært velkomen til å ta Idrettsmerkeprøve i 2024!

Med helsing

Alvhild Flåten

Leiar i Idrettsmerkegruppa

**Årsmelding frå fjelltrimgruppa**

Desse har vore med i gruppa: Elisabeth Skarstein, Geir Brynestad, Joar Sunde, Anders Bruvoll og Caroline Lindvik Gjerde.Fjelltrimmen i Olden og Oldedalen består av 20 fjelltrimposter.

Det har vore ein nedgang i besøk på 11 av fjelltrimpostane i Olden og Oldedalen i sesongen 2022/2023.Dei fjelltrimpostane som har hatt nedgang er Honn, Nonshaugen, Vangbergsetra, Avleisetra, Murisetra,Fossen,Melheim/Solheimsetra,Laukjisetra,Sundssetra og Sundsdalen. Agjeldsetra hadde like mange besøk sesongen 2022/23 som sesongen 2021/22, der var 123 besøk. Skarsteinsetra er den fjelltrimposten i Olden som har hatt mest nedgang. I 2022/23 har 2011 stk skreve seg i boka på Skarsteinsetra, ein nedgang på 156 besøk frå 2021/22.
Dei postane som har hatt auke i besøk er Yrisetra,Gytridalen,Høgalmesetra, Kvitfjell,Brenndalen og Kvamsetra. Huaren er litt usikker, da vi ikkje har tala frå sesongen 2021/22.
Det er Brenndalen som har hatt mest auke i antall besøk frå forrige sesong. Her var registrert 786 besøk denne sesongen, mot 288 besøk sesongen 2021/22. Ein auke på heile 498 turer. Kvamsetra har og hatt ein fin auke i antall besøk, her var det registrert 325 besøk, ein auke på 115 turer frå forrige sesong.
Huaren har hatt 3543 besøk i sesongen 2022/23, og er den posten som er mest besøkt. På Huaren blir det kjørt opp fine skiløyper med snøskuter vinteren , så her kan du til og med gå på ski om du vil.
Til sammen på alle fjelltrimpostane er det registrert 10 734 besøk fjelltrimsesongen 2022/23. Det er 11 stk som har registrert at dei har gått alle fjelltrimpostane denne sesongen, 6 damer og 5 menn.
Anne Berit Bjørdal hadde flest poeng, ho oppnådde 1916 poeng sesongen 2022/23.





Brenndalen hadde 786 besøk, ein auke på med 156

498 beslk frå sesongen før.

Skarsteinsetra hadde ein nedgang

besøk frå forrige sesong.

Caroline Lindvik Gjerde
Leiar i fjelltrimmen

| Post | Poeng | Besøk | Namn | Turar |
|---|---|---|---|---|
| Agjeldsetra | 3 | 123 | Margun Nesje | 11 |
| | | (123) | Tormod Agjeld | 10 |
| | | | Brita Kvamme | 7 |
| Honnvasshytta | 5 | 340 | Pål Skarstein | 31 |
| | | (350) | Kåre B. Alme | 30 |
| | | | Anne Loen Skåre | 13 |
| | | | Anders Bruvoll | 13 |
| | | | Liv Elisabet Rygg | 11 |
| Nonshaugen | 3 | 90 | Liv Elisabet Rygg | 6 |
| | | (117) | Anne Berit Bjørdal | 5 |
| | | | Brita Kvamme | 4 |
| | | | Reidun Horrig Skarstein | 4 |
| Vangbergsetra | 3 | 267 | Johan Fredheim | 31 |
| | | (282) | Else Fredheim | 23 |
| | | | Rune Fredheim | 23 |
| | | | Kari Kvamme | 12 |
| | | | Reidun Horrig Skarstein | 10 |
| Skarsteinsetra | 3 | 2011 | Reidun Horrig Skarstein | 178 |
| | | (2167) | Per Wilhelm Skarstein | 121 |
| | | | Kari Kvamme | 80 |
| | | | Brita Kvamme | 72 |
| | | | Oddbjørg Myren Tonning | 68 |
| | | | Jan Frode Tonning | 65 |
| | | | Helga Egset | 63 |
| | | | Else Fredheim | 62 |
| | | | Margun Bjerkvik | 60 |
| | | | Sigrid Skarstein | 59 |
| | | | Pål Skarstein | 58 |
| | | | Rune Fredheim | 58 |
| | | | Johan Fredheim | 53 |
| | | | Terje Bjerkvik | 53 |
| Huaren | 3 | 3543 | Anne Berit Bjørdal | 432 |
| | | (?) | Bente Ljosdal | 270 |
| | | | Ingebjørg Rustøen | 244 |
| | | | Elisabet Skarstein | 180 |
| | | | Caroline Lindvik Gjerde | 156 |
| | | | Oddbjørg Myren Tonning | 121 |
| | | | Oddbjørg Bø Muri | 101 |
| | | | Tove Kristin Vedlog | 100 |
| | | | Kari Tonning | 83 |
| | | | Arvid Rustøen | 80 |
| | | | Jan Frode Tonning | 78 |
| | | | Brita Kvamme | 50 |
| Avleisetra | 5 | 240 | Anne Berit Bjørdal | 110 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | (272) | Ottar Åbrekk | 11 |
| **Murisetra** | 4 | 66 | Geir Brynestad | 7 |
| | | (88) | Robin Gulliksen | 7 |
| | | | Helge Hafsås | 6 |
| **Fossen** | 3 | 255 | Berit Melheim | 47 |
| | | (316) | Geir Brynestad | 28 |
| | | | Roar Alsaker | 18 |
| | | | Håvard A Melheiim Solbu | 13 |
| | | | John Andreas Skarstein | 12 |
| **Kvitefjellet** | 4 | 535 | Liv Elisabet Rygg | 249 |
| | | (528) | Annegrete Bruvoll | 100 |
| | | | Ragnhild Bruvoll | 48 |
| | | | Magdeli Bruvoll | 18 |
| | | | Hanne Skaldehaug | 15 |
| **Melheimsætra** | 6 | 76 | Roar Alsaker | 20 |
| | | (111) | Helge Hafsås | 9 |
| **Laukisetra** | 5 | 329 | Anders Bruvoll | 39 |
| | | (372) | Liv Elisabet Rygg | 35 |
| | | | Jan Robin Hammervold | 13 |
| | | | Bjørn Kjetil Hilde | 13 |
| | | | Ivar Bruvoll | 10 |
| **Sundsetra** | 3 | 448 | Grethe Sunde | 52 |
| | | (460) | Einar Strand | 50 |
| | | | Bjarne Gjerde | 38 |
| | | | Helge Hafsås | 19 |
| | | | Janne Helen Gjerde | 18 |
| | | | Tomas Gjerde | 16 |
| **Sundsdalen** | 5 | 182 | Einar Strand | 23 |
| | | (196) | Helge Hafsås | 19 |
| | | | Bjarne Gjerde | 16 |
| | | | Frode Gerde | 12 |
| **Yrisetra** | 3 | 229 | Rune Rustøen | 11 |
| | | (202) | Stig Daniel Mykløen | 11 |
| | | | Lillian Mykløen | 8 |
| | | | Fredrik Kvame | 8 |
| **Gytridalen** | 3 | 400 | Joar Sunde | 123 |
| | | (293) | Sissel H. Sunde | 14 |
| | | | Helene H Sunde | 6 |
| **Høgalmesetra** | 4 | 407 | Jan Høgalmen | 119 |
| | | (333) | Fredrik Indrebø | 19 |
| | | | Stig Daniel Mykløen | 16 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | Tore Høgalmen | 15 |
| | | | Monika Mate | 11 |
| | | | Dag Asle Mykløen | 10 |
| **Kvamssetra** | 5 | 325 | Jon Olav Kvamme | 29 |
| | | (210) | Rune A Tonning | 17 |
| | | | Olav Fjeldstad | 13 |
| | | | Håvard Kvamme | 8 |
| **Flatsteinbu** | 7 | 82 | Jon Olav Kvamme | 5 |
| | | (46) | Oddbjørg M. Tonning | 2 |
| | | | Jan Frode Tonning | 2 |
| **Brenndalen** | 3 | 786 | Terese Skåre | 304 |
| | | (288) | Signe Aabrekk | 132 |
| | | | Åse M Myklebust | 22 |

(2022 i parentes)

**Sum** 10734
(?) (Mangelfulle tal)

## Over 300 poeng

| | NAMN | POENG |
|---|---|---|
| 1 | Anne Berit Bjørdal | 1916 |
| 2 | Liv Elisabet Rygg | 1476 |
| 3 | Terese Skåre | 931 |
| 4 | Oddbjørg Myren Tonning | 879 |
| 5 | Reidun Horrig Skarstein | 768 |
| 6 | Jan Frode Tonning | 751 |
| 7 | Caroline Lindvik Gjerde | 662 |
| 8 | Joar Sunde | 577 |
| 9 | Oddbjørg Bø Muri | 504 |
| 10 | Anders Bruvoll | 475 |
| 11 | Brita Kvamme | 430 |
| 12 | Annegrete Bruvoll | 426 |
| 13 | Per Wilhelm Skarstein | 421 |
| 14 | Signe Åbrekk | 396 |
| 15 | Jan Høgalmen | 357 |
| 16 | Jan Arne Gjerde | 324 |
| 17 | Håvard Melheim Solbu | 311 |
| 18 | Kåre Bruvoll Alme | 306 |
| 19 | Tove Kristin Vedlog | 300 |

**Desse har gått alle 20 turane:**

Reidun Horrig Skarstein
Oddbjørg Myren Tonning
Oddbjørg Bø Muri

Mari Kristine Melheim
Liv Elisabet Rygg
Joar Sunde
Jan Frode Tonning
Jan Arne Gjerde
Håvard A Melheim Solbu
Caroline Lindvik Gjerde
Anders Bruvoll

**REKNESKAP FOR OLDEN IDRETTSLAG**
**Årsregnskap 2023**

| INNTEKTER | 2023 Kr | 2022 Kr |
|---|---|---|
| Medlemskontingent | 44 300 | 47 280 |
| Idrettsskulen | 4 800 | 700 |
| Treningsavg.fotball/friidrett | 5 500 | 5 500 |
| Basar | 75 270 | 85 535 |
| Startkontingent Oldestafetten | 4 900 | 4 400 |
| Startkontingent Skarsteinsetra Opp | 14 930 | 11 300 |
| Sponsorinntekter Oldestafetten | 5 000 | 5 000 |
| Sponsorinntekter Skarsteinsetra Opp | 108 775 | 103 187 |
| Sal programhefte Oldestafetten | 4 100 | 5 000 |
| Kiosk Oldestafetten | 15 335 | 19 523 |
| Kiosk Skarsteinsetra Opp | 6 950 | 5 260 |
| Treningsavgift styrkerom | 60 800 | 45 250 |
| Inntekter andre arr. | 7 679 | 11 267 |
| Bingoinntekter | 31 250 | - |
| Inntekter kakelotteri | 7 284 | - |
| Sal av treningskle, hettegenserar etc | 3 500 | - |
| Gevinst salg driftsmidler | 13 000 | - |
| Gåver, tilskudd | 235 118 | 269 362 |
| Grasrotandel | 53 960 | 44 116 |
| Momskompensasjon | 22 011 | 17 234 |
| Andre inntekter | 4 650 | 50 |
| Renteinntekt | 5 062 | 1 661 |
| Kundeutbytte Gjensidige | 1 403 | 1 279 |
| **SUM INNTEKTER** | **735 577** | **682 904** |

| UTGIFTER | Kr | Kr |
|---|---|---|
| Basarutgifter | 3 163 | 4 081 |
| Bingoutgifter | 14 632 | - |
| Lotteriutgifter | 287 | - |
| Treningskle og hettegenserar for vidare salg | 2 744 | - |
| Utgifter kiosk Oldestafetten | 8 500 | 12 922 |
| Utgifter kiosk Skarsteinsetra Opp | 8 625 | 8 398 |
| Utgifter andre arr. | 1 705 | 4 160 |
| Leige lokaler/anlegg/instruktører | 25 650 | 2 000 |
| Renovasjon, vatn, avløp o.l. | 5 673 | 5 238 |
| Straum arenabygg | 23 189 | 19 514 |
| Reinhald | 10 029 | 4 968 |
| Inventar/utstyr | 39 902 | 40 885 |
| Rekvisita | 2 634 | 3 769 |
| Div.driftsutgifter | 6 525 | 5 883 |
| Rep og vedlikehald bygninger | 8 296 | |
| Rep og vedlikehald utstyr | 350 | 1 675 |
| Rep og vedlikehold klatrepark | - | 11 046 |
| Rekneskap | 7 000 | 5 000 |
| Kontorrekvisita | 625 | 2 099 |
| Møter, kurs, oppdatering o.l. | 2 577 | 3 696 |
| Utgifter jubileumsbok | 16 642 | 279 |
| Porto | 1 450 | 2 630 |
| Kostnader snøscooter | 6 028 | 1 545 |
| Forsikring og avg.snøscooter | 1 093 | 797 |
| Køyregodtgersle/ref.reisekostnader | 26 957 | 5 397 |
| Annonse/Reklamekostnad | 5 111 | 8 325 |
| Heimeside | 8 183 | 2 873 |
| Startkont./Krinsavg./andre kont. | 37 445 | 37 503 |
| Premier/Gåver/Gåvekort | 17 973 | 30 184 |
| Forsikringspremie | 12 794 | 11 714 |
| Bank/vippsgebyr | 6 110 | 4 276 |
| Sosiale arr., avslutningsarr. | 9 232 | 935 |
| Annen kostnad | 1 730 | 610 |
| Avskrivning friidrettsanlegg v/skulen | 39 634 | 65 599 |
| Avskrivning kunstgrasbane v/skulen | 72 431 | - |
| Avskrivning lyspunkt idrettsanlegg | 5 004 | - |
| Avskrivning Arenabygg | 16 417 | 16 417 |
| Avskrivning teknisk inst. Arenabygg | 18 594 | 18 594 |
| Avskrivning inventar/utstyr idrettsanlegg | 3 563 | 3 563 |
| Avskrivning snøscooter | 9 915 | 6 610 |
| Avskrivning inventar/utstyr styrkerom | 13 552 | 10 015 |
| Avskrivning inventar/kjøkken 2.etg. | 2 811 | 1 601 |
| Rentekostnad banklån | 75 399 | 12 176 |
| Leverandørrenter | 82 | 46 |
| **SUM UTGIFTER** | **580 257** | **377 022** |
| | | |
| **ÅRSRESULTAT** | **155 321** | **305 882** |

**Budsjett Olden IL**
**År 2024**

**Inntekter**

| | | |
|---|---|---|
| Medlemskontingent | kr | 45 000 |
| Idrettsskulen | kr | 5 400 |
| Treningsavgift | kr | 50 000 |
| Basar/bingo | kr | 110 000 |
| Sponsorskilt | kr | 78 000 |
| Jubileumsbok | kr | 50 000 |
| Oldestafetten | kr | 30 000 |
| Skarsteinsetra opp | kr | 130 000 |
| Andre arr. | kr | 5 000 |
| Grasrotandel | kr | 50 000 |
| Gåver/ tilskudd | kr | 750 000 |
| Momskompensasjon | kr | 20 000 |
| Andre inntekter (renter, m.m.) | kr | 6 000 |
| Sum inntekter | kr | 1 329 400 |

**Utgifter**

| | | |
|---|---|---|
| Basar/bingoutgifter | kr | 18 000 |
| Oldestafetten - kiosk | kr | 9 000 |
| Skarsteinsetra opp - kiosk | kr | 9 000 |
| Utg.andre arr. | kr | 1 000 |
| Leige anlegg/ instruktørar | kr | 25 000 |
| Utstyr | kr | 40 000 |
| Startkontingent/andre kont. | kr | 40 000 |
| Køyring/ reiser | kr | 30 000 |
| Premiar | kr | 30 000 |
| Annonsar | kr | 8 000 |
| Heimeside | kr | 8 200 |
| Jubileumsfest etc | kr | 50 000 |
| Jubileumsbok | kr | 110 000 |
| Reinhald | kr | 12 000 |
| Møter, kurs, oppdatering | kr | 3 000 |
| Straum | kr | 30 000 |
| Internett | kr | 15 000 |
| Forsikring arenabygg m.m. | kr | 13 000 |
| Vatn og avløp | kr | 5 800 |
| Vedlikehald | kr | 25 000 |
| Vedlikehald klatrepark | kr | 200 000 |
| Div driftsutgifter/rekvisita | kr | 10 000 |
| Bank/vippsgebyr | kr | 6 200 |
| Sosiale arr. | kr | 10 000 |
| Snøscooter | kr | 8 000 |
| Rekneskap | kr | 7 000 |
| Annen kostnad | kr | 1 000 |
| Avskriving | kr | 185 000 |
| Rentekostnader | kr | 100 000 |
| Sum utgifter | kr | 1 009 200 |